

## **Emnerapport (vår 2025)**

### **Emnekode og namn: DIDANOR2/DIDANORAN2**

#### **Faglærar si vurdering av gjennomføring**

Praktisk gjennomføring: Det har vore halde åtte dobbelforelesingar/seminar for DIDANOR2. I tillegg har dei hatt ein dag med felles språkdidaktikk, der dei også hadde gruppearbeid saman med PPU-studentar på IF. DIDANORAN2 har hatt tilbod om å følgja dei same øktene som DIDANOR2, men har eit delvis anna pensum og har også fått to seminar (dobbelttimar) aleine. I utgangspunktet skulle alle øktene fordelast på to lærarar, men pga. sjukmelding delar av våren, vart også to andre lærarkrefter hyra inn for å ta kvar si dobbeløkt. Det har vore i alt seks studentar; fem på DIDANOR2 og ein student på DIDANORAN2.

Strykprosent og fråfall: 0

Karakterfordeling: Dei seks studentane var oppe til munnleg eksamen. Karakterfordelinga vart: 2A, 3B og 1C

Studieinformasjon: Studentane har fått tilgang til studiet via Mitt UiB og på e-post.

Tilgang til relevant litteratur: Mykje av litteraturen har vore tilgjengeleg i Litteraturkiosken via Mitt UiB og elles i form av bøker som har vore tinga inn på Akademika. Etter kvar undervisningsøkt har faglærarar lagt ut presentasjonar og anna i fillageret.

#### **Faglærar si vurdering av rammevilkåra**

Lokale og undervisningsutstyr: Undervisningsstadene har vore på grupperom på Sydneshaugen eller på Sydnesplassen. Førelesingane har føregått på gode tidspunkt mellom kl. 10 – 16. Rammevilkåra har vore greie.

#### **Faglærar sin kommentar til student-evalueringa(ne)**

Metode/gjennomføring: Studentane har etter at undervisninga var slutt og før munnleg, fått tilsendt eit digitalt evalueringsskjema. Det er tre av studentane, dvs. 50 % av kullet, som har svara på evalueringa. Oppmøtet gjennom heile semesteret har vore jamt godt for dette kullet, og det må det også no vera sidan 80 % oppmøte er eit obligatorisk arbeidskrav.

Det første spørsmålet gjekk på i kva grad dei er generelt nøgd med DIDANOR2/DIDANORAN2. Her skulle studentane kryssa av på alternativa: Svært nøgd, ganske nøgd, verken nøgd eller misnøgd, ganske misnøgd eller svært misnøgd. Ein student svara «svært nøgd», ein annan «ganske nøgd» og den tredje «verken eller».

Det vert vidare spurta om DIDANOR2/DIDANORAN2 framstår som eit heilheitleg kurs (samsvar mellom ulike delar, god nok tid på kvart tema og pensum) og der svarar éin «i stor grad» og to «i nokså stor grad».

Studentane vert spurde om kor nøgde dei er med forelesingane på emnet. Då svarar to av dei «ganske nøgd», medan den tredje svarar «verken eller». To av studentane oppgjev at dei har vore på 16-18 forelesingar, medan ein svarar 6-10. Alle dei tre studentane svarar at dei har hatt nokså stort utbyte av å følgja forelesingane. Dei svarar alle tre også at dei er ganske nøgd med pensumet. To studentar svarar at dei har hatt «stort utbyte» av å lesa pensum, medan den tredje skriv at hen har hatt «nokså stort utbyte».

Heile emnet utgjer 7,5 studiepoeng, så på spørsmål om pensum-mengda er tilpassa omfanget på kurset, svarar éin student: «ja, i stor grad», medan éin svarar «verken eller», og den tredje «i mindre grad».

Sjølv undervisninga har hatt ei veksling mellom å ha forelesingsform og seminarform. Studentane har fått spørsmål om kor nøgde dei er med gruppeleiarane i seminaret/kollokviegrupper? Det er gjerne både medstudentar og seminarleiar/forelesar dei har hatt i tankane når dei har svara på dette spørsmålet. I alle fall svarar to studentar «svært nøgd», medan den tredje svarar «verken eller» på dette spørsmålet.

I den kvalitative delen av evalueringa får studentane høve til å koma med andre kommentarar:

Det er berre to av studentane som har kome med eit par kommentarar her. Den eine seier at hen har likt DIDANOR2 godt, og den andre seier at det kunne bli betre med meir praktisk

### **Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:**

Alt i alt ser det ut til at dei studentane som har svara på evalueringa, har kome med nokså gode tilbakemeldingar. Det er ingen tilbakemeldingar som tyder på at dette kurset ikkje fungerer. Det er likevel heile tida rom for justeringar og oppdatering både av pensum og av undervisninga som vert gjeven. Faglærarar bør likevel alltid ha i undermedvitet korleis hen kan relatera dei ulike emna og teoriane med praksisfeltet. På den munnlege eksamenen var dette også noko studentane vart utfordra på, og der synte dei at det er mogeleg å få til gode koplingar mellom teori og praksis.

Ragnhild Lie Anderson

-emneansvarleg